



## MØTEBOK

### Uttale Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Utval sak	Utval	Møtedato
<b>87/14</b>	<b>Formannskapet</b>	<b>17.09.2014</b>

**Vedlegg:**

Forslag til uttale Regional kulturplan for Hordaland  
Høyringsutkast:[www.hordaland.no/regionalkulturplan](http://www.hordaland.no/regionalkulturplan)  
Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt forslag til uttale.

**Bakgrunn:**

Fylkesutvalet har vedteke å sende forslag til Regional plana for kultur, med handlingsprogram, på høring med frist 26. september 2014. Planen PREMISS: KULTUR er forslag til ein samla politikk for kultur fram mot 2025, og inkluderar heile spekteret av kulturlivet.

**Saksopplysningar:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har kome med ein felles uttale for sunnhordlandsommunane, i tillegg er kan kommunane sjølve komme med eigne uttalar.

**Vurdering:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland sin uttale har teke for seg viktige moment i sin uttale til kulturplanen. Fitjar kommune har nokre ekstra punkt som ein ønskjer å ha med i ein eigen uttale:

Generelt om planen:

Planen verkar svært godt gjennomarbeida og femner vidt om kulturfeltet.  
Planen skal gjelde for heile Hordaland som har 33 kommunar. Bergen har fått mykje fokus og det ville gjerne vore naturleg at ein vektlegg resten av fylket i større grad.

#### 4.5 Kulturminnevern og museum

Høyringsutkastet tek grundig for seg kulturminnevern i denne bolken. Det kunne likevel vera ynskjeleg at ein legg endå tyngre vekt på å kommunisere til kommunane i kor stor grad dei sjølv skal råde over lokale kulturminna.

Meir direkte kommunikasjon og kontinuerleg rettleiing er noko som bør vektleggast i planen.

#### 4.7 Kulturformidling og kulturproduksjon

I høyringsutkastet står å lesa i kap. 1.4 at «*Barn og unge har ei spesiell merksemd innan alle målområda og er eit gjennomgåande tema i planen*», med utgangspunkt i dette meiner Fitjar kommune at den kommunale kulturskulen burde blitt omtalt i fleire

kapittel enn han gjer i utkastet. Fitjar kommune ser det som naturleg å nemne kulturskulen også i desse to kapittel og avsnitt:

- 4.7 Kulturformidling og kunstproduksjon s. 28, avsnitt 6, *Hordaland har eit rikt utval kulturtillit og kulturskular.*
- 4.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv s. 30, siste avsnitt, *Gjennom samhandling mellom høgskule, universitet, kulturskule.....*

I tillegg bør «Kulturutredningen 2014» koma inn som eit av dei statlege dokumenta som gjev føringar for regional og lokal kulturpolitikk, kap. 2.2 Statleg kulturpolitikk, s. 8 – 10.

I Handlingsprogrammet kap. 5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling, Tiltak A. Styrke kvalitet i estetiske fag i skulen gjennom vidareutvikling av SamSpel Hordaland s. 12, her må Norsk kulturskoleråd koma inn i opprampsinga av partnarar, da dei er ein sentral aktør i SamSpel Hordaland.

#### 4.8 Bibliotek

Planen formidlar på ein god måte det som er samfunnsoppdraget til biblioteket, og det er ei styrke at planen også tek opp den nye funksjonen biblioteket skal ha (frå 2014); å vera ein uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt. Forventinga går i retning av at fylkesbiblioteket vil arbeide for å setje dei enkelte biblioteka i stand til å fylle det nye oppgåva.

Den regionale kulturplanen peikar på at det er viktig for barn og unge å ha eit godt bibliotektilbod, og at eit samarbeid mellom skulebibliotek og folkebibliotek er naudsynt. Ei oppgåve må då vere å spreie kunnskap på korleis eit slikt samarbeid kan sjå ut. Dette er lite konkretisert i planen.

Det er svært viktig at fylket er pådrivar for regionalt biblioteksamarbeid, noko som styrkar særskilt små bibliotek.

Fylket er også oppdatert og langt framme når det gjeld fagleg utvikling innan bibliotekfaget. Dei kommunale biblioteka har svært ulik ramme når det gjeld økonomi og personalressursar. Difor er det positivt at fylket vil støtte modellbibliotek, og slik hjelpe folkebibliotek til å stå fram som moderne og attraktive.

#### Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner framlegg til uttale til Regional kulturplan for Hordaland frå Fitjar kommune. Kommunen står elles uttale frå samarbeidsrådet for Sunnhordland.

#### Behandling i Formannskapet - 17.09.2014:

Kultur- og informasjonssjef Bente Bjelland orienterte om saka.

#### Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet godkjenner Fitjar kommune sitt framlegg til uttale, og står elles uttale frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland.



Atle Tornes  
Rådmann